

NVE – Konesjonsavdelingen
Saksnummer: 201700558
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo



Kinsarvik, 28. februar 2018

Saksnummer: 201700558: Kommentar til høyringsfråsegner - Folkedal kraftverk del 2.

Visar til avslutta høyringsrunde for vår konsesjonssøknaden om å få byggja Folkedal kraftverk del 2. Hardanger Energi AS (HE) vil med dette brevet og vedlagt notat gje våre kommentarar til fråsegnene som er kome inn.

Generelt om våre kommentarar:

Totalt kom det inn 29 fråsegner til høyringsrunden. Innhaldet / budskapet er mykje lik i fleire av fråsegnene, og me har difor ikkje kommentert kvart enkelt innspel særskilt. Me har heller forsøkt å gje svar som dekkjer alle innvendingane samla sett.

Fleire av fråsegnene uttrykte motstand mot utbygginga utan noko grunngeving utover generell motstand mot meir kraftutbygging i Norge generelt og vårt distrikt spesielt. Det har liten hensikt for oss å kommentera desse og våre tilsvaret er difor konsentrert om dei grunnjevne fråsegnene.

Faglege fråsegner:

Me har lagt særleg vekt på å kommentera dei faglege innvendingane og det har me gjort i eit eige notat utarbeid av Norconsult, jf. vedlegg. Sidan Fylkesmannen i Hordaland har dei mest inngåande spørsmåla / merknadane, tek fagnotatet utgangspunkt i dei konkrete innvendingane frå Fylkesmannen og svaret våre refererer mykje til dei. Men notatet er meint å dekkja også dei andre uttalanene.

Andre fråsegner:

Produksjonsoverskot og netto eksport av fornybareenergi:

Fleire av uttalanene visar til at Norge i dag har eit produksjonsoverskot og er nettoeksportør av fornybareenergi. Dette meiner me er eit politisk tema og vil ikkje kommentera dette utover att me støttar Regjeringa og Enova sine mål når det gjeld satsing på fornybarproduksjon.

Sikring av Folkedalselva:

Etter opprusting av Folkedal kraftstasjon (byggjetrinn 1) har ein opplevd periodar på vinteren med kryging av is i elva. Dette har ved nokon høve gjeve høgare vassstanden i elva og vidare overvatn på dyrka mark. For å retta på dette har me allereie starta arbeidet med å utbetra dei partia av elva som har skapt problem. Dette sikringsarbeidet vil fortsetja i 2018 uavhengig av resultatet av konsesjonssøknaden. Sikringsarbeidet vert utført på ein slik måte at det tek høgde for høgare vassføring som fylgje av ei eventuell utbygging av Folkedal 2.

HARDANGER ENERGI AS, BOKS 33 5782 KINSARVIK

Telefon 53671600
Telefaks 53671601

Bankgiro: 1503.36.71897 (OCR)

Føretaksnr. 983502601 MVA

Bankgiro andre innbetalinga: 1503.22.82560

<http://www.hardangerenergi.no/>

Landskapsinngrep som fylgje av utbygginga:

Utbygginga av Folkedal kraftstasjon i 2013 vart utført slik at ein tok høgde for ei seinare utviding. Dei store inngrepa knytt til denne utbygginga dvs.; anleggsveg, inntak, vassveg og tunnel er difor allereie utført. Dei direkte anleggstekniske inngrepa i landskapet som fylgje av dette utbyggingstrinnet er difor relativt små.

Deponi for tunnelmassar:

Deponiområdet for tunnelmassar er omtalt i fagnotatet. Einaste tilleggskommentaren er at den føretrekte løysinga med deponering ved Svortetjørn er i tråd med ynskje til grunneigarane. I tillegg har me alternativt deponiområde nede i Folkedal som vart nytta ved frå førre byggetrinn.

Oreigning av fallrettar:

HE eig ikkje fallrettane tilhøyrande dette utbyggingstrinnet og er difor avhengig av å leiga eller kjøpa fallrettar av grunneigarane. Som kjent er det ulikt syn på dette hjå grunneigarane. Rekna i tall fallmeter er i overkant av halvdelen av grunneigarane positive, og resten er enten negative til utbygging, eller har ikkje teke standpunkt. Vårt mål er å koma til semje med alle grunneigarane og har difor inngått forhandlingar der grunneigarane er organisert i to grupper med kvar sin juridiske bistand. Me har ei sterk von om å oppnå semje og at me ikkje treng å nytta eit eventuelt løyve til å oreigna fallrettar.

Oppsummering:

- Anadrom fisk – temaet er grundig undersøkt og vurdert i fleire omgangar av fagekspertise frå Norconsult, jf. vedlagd notat og konklusjonen er liten negativ konsekvens.
- Biologisk mangfald – Det har vore gjennomført 2 rundar med biologiske mangfaldsundersøkingar, samt ein ny grundig gjennomgang i vedlagt fagnotat. Konklusjonen er at; (sitat side 7. fyrste avsnitt) «...i dette tilfellet er usikkerheten såpass lav og faren for skade på naturmangfoldet såpass liten at rommet for å bruke føre var-prinsippet vurderes som liten...»
- Friluftsliv – Planlagt utbygging gir ingen direkte inngrep i områder som er synlege frå ferdselsvegane.
- Landskap – Sidan førre byggetrinn tok høgde for denne utvidinga, er allereie dei store inngrepa gjennomført. Det er difor relativt små inngrep (sperredam i Kvanndal og evt. deponi ved Svortetjørn) som denne utbygginga medfører.
- Oreigning – HE er i dialog med grunneigarane og vil streka oss langt for å koma fram til ei omforeint avtale om leige av fallrettar,

Etter vårt syn er prosjektet grundig utgreidd. Dei biologiske konsekvensane og det synlege fotavtrykket denne utbygginga set i landskapet er svært lite sett i forhold til den relativt store mengda med rein energi utbygginga vil gje.

Vonar på ei positiv handsaming av vår søknad.

Med helsing
Hardanger Energi AS

Magne Alpen
Siv.ing.

Vedlegg: Notat frå Norconsult dagsett 16.2.2018.

HARDANGER ENERGI AS, BOKS 33 5782 KINSARVIK

Telefon 53671600
Telefaks 53671601

Bankgiro: 1503.36.71897 (OCR)
Bankgiro andre innbetalinga: 1503.22.82560

Føretaksnr. 983502601 MVA

<http://www.hardangerenergi.no/>